



Bjerkreim kommune
Levekårsavdelinga
Legekontoret

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Vår saksbehandler:	Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Dykkar dato:	Vår dato:
Knut Vassbø		09/3794	FA-G10, TI-&13	26.05.2009	29.05.2009
Telefon: 51 20 11 50					
E-post: knut.vassbo@bjerkreim.kommune.no					

Høring - Automatisk frikortordning

FRIKORT OG EIGENANDELSREGISTER

Høyringsvaret frå Bjerkreim Kommune omhandlar i hovudsak barn 12-16 år.

GENERELT

Innføring av elektronisk melderegister for egenandelar og automatisk registrering og utsending av frikort er både hensiktsmessig og ressurseffektivt. Det er eit godt eksempel på eit, av fleire, område der det er eit vesentleg etterslep i innføringa av datakommunikasjon i helsevesenet og i helseadministrasjon.

SPESIELT OM BARN UNDER 16 ÅR

Den elektroniske ordninga må gjerast universell, og det vil skapa svært mykje ekstra arbeid for alle partar dersom barn opp til 16 år skal utelukkast frå ordninga.

Med mindre det i løpet av kort tid er planlagt å innføra fri helsehjelp til alle barn opp til 16 år (pr i dag gjeld dette opp til 12 år) må også barn i alderen 12-16 år innlemmast i den automatiske ordninga med innrapportering av eigenandelar.

Reservasjon mot elektronisk innrapportering

Alle borgarar, uansett alder, må ha **mulighet til å reservera seg mot automatisk innrapportering av eigenandel. Den som reserverer seg, får papirkvittering i staden.** Dette vil ivareta omsynet til alle pasientar, også dei under 16 år.

Innrapportering i eige namn

Eit alternativ kunne sjølvstøtt vera at **dei borna som ønsker det, kan be om å få egenandel innrapportert i eige namn utan at det blir samordna med foreldra sine eigenandelar**. Teknisk er dette uproblematisk, men det gir kanskje større rom for uklarheit og feil.

VURDERING

At alle 12-16-åringar skal få papirkvitteringar og sjølve ordna med innsending av dette synest både byråkratisk, upraktisk og uhensiktsmessig i ei slik grad at dei negative følgjene av dette langt overstig det hensynet ein ønsker å ivareta. Det er for øvrig eit stort problem som gjeld på mange område i helsesektoren når det er tale om kommunikasjon mellom forskjellige instansar.

Hensynet til personvernet kan ivaretas på ein langt enklare måte, nemleg ved at borna får reservasjonsrett mot elektronisk registrering eller mot samordning.

Med helsing

/sign/
Knut Vassbø
kommunelege I

Kopi til:
Alf Einar Kjølberg